

Lillehammer motorsykl



Avreise fra Lillehammer i flott vær, med OL-anleggene i bakgrunnen

TEKST: KARI HAUGØDEGÅRD.
FOTO: NILS ORMVOLD

I det herrens år 1995, nærmare bestemt 7. februar, vart det avhalde eit møte på Bjørns Kro på Lillehammer.



Klassisk LMK-hygge



Trivelig lag - som alltid

Odd Magne Olsen, Kai Tangen og Arne Lien tok her initiativet til å stifte Lillehammer motorsykelklubb (LMK), og 8. mars same år deltok 28 personar på det første ordinære medlemsmøtet. Den første fellesturen, med 18 deltakarar, gikk våren -95 til Nord-Vestlandet, eit velkjent og naturleg reisemål for MC-folk i Norge.

Dette første året fekk LMK premie frå NMCU for å ha verva heile 43 nye NMCU-medlemmar. Pengane blei brukt til innkjøp av «klubbhus» i form av lavvo for turbruk.

Turkjøring har vore og er ein absolutt hovudaktivitet i LMK. Vi har vore på rundt

150 fellesturar opp gjennom desse 20 åra. Vi kjører kaffi- og vaffeltur kvar einaste onsdag i hovudsesongen mars-oktober, med 2-30 deltakarar og med kjørelengde 4-30 mil. Vi kjører 4-6 felles helgeturar kvart år. Vi kjører sjølsagt også skikkelege langturar, som f.eks. vekesturar i Tyskland og Spania, 10-dagars turar i Sør-Afrika, 2-3 veker turar i USA. Kjørelengda har etter kvart blitt formidabel - ca. 197.000 km i 2014.

I vintersesongen trøstar vi oss med kaffi- og mimrekveldar, ein og annan fest og årlege turar til ulike MC-messer (Lillestrøm, Göteborg, Milano).

LMK har arrangert to BMW-treff, i 2003 og 2013. Dette har gitt mye arbeid, mye moro og pengar i klubbkassa.

På det meste har LMK hatt 134 medlemmar. I dag er vi ca. 100. Snittalderen er (dessverre) ikkje minkande, og ingen har vel heilt våga å rekne ut denne eksakt. Det er ei utfordring for LMK, som for mange andre MC-klubbar - og for NMCU- å få med yngre MC-entusiastar. God råd og tips til dette vil bli tatt imot med stor takk!

27. - 28. juni 2015 reiste 31 LMK-medlemmar på 26 MC på jubileumstur. Som så mange gonger før var målet Tønsberg,

Motorsykelklubb (LMK) er 20 år



Øyvind Hjelvik får velfortjent påskjønnelse fra LMKs leder Kari Haugødegård



Mange av deltakerne samlet på kaia i Tønsberg før hjemreise



Lillehammer motorsykelklubb stilte velvillig opp som «eskorte» for deltakerne på den store OECD-konferansen om MC-sikkerhet på Norsk Vegmuseum i 2008

og MC-klubben bodde sjølsagt på Hotell Klubben. Slik bostandard er nok eit teikn på eit meir makeleg MC-liv og på modernisering. Vi har gått frå telt og lavvo til vandrarheim til hotell og frå brev til e-post. Og oppslagstavle er erstatta av nettsider. Se www.lillehammer.mc.no der det blant mykje anna er bilete frå jubileumsturen.

Eit kjenneteikn ved LMK er godt kameratskap og stor takhøgde. Vi har rom for mange «rare» grupper og typar. Her er avdeling for stadig nye MC, avdeling for alltid rein MC, avdeling for eigarar av mange MC og i avdeling for gruskjøring tar ein gjerne

jobben med å bere syklane noe av veg. I avdeling for vinterkjøring - faktisk ei veksande gruppe - er turane visstnok tøffare og betre jo kaldare det er. Noen prøvde seg i pinsa 2015 på Hardangervidda i «snøstorm». Ikkje smart! Godt å vere medlem i NAF MC og bli henta av redningsbil.

Mange enkeltpersonar har opp gjennom åra lagt ned ein stor innsats i drifta av LMK. I jubileumsåret vil vi, sidan LMK er ein turklubb, trekke fram vår eigen «turistsjef», Øyvind Hjelvik. Han er ein mildt sagt ihuga motorsyklist, året rundt, og han eig sjølsagt fleire MC. Kjøre lengda må ha blitt ganske så

utrulleg. Øyvind tar oss med på flotte turar, i «alle» retningar, i inn- og utland og til alle årstider. Ein slik entusiast er svært viktig for ein MC-klubb der det meste handlar om å kjøre. Vi ser fram til 20 nye år med 150 nye turar!

NMCU gratulerer Lillehammer motorsykelklubb med jubileet!